

# MÅLSETJING OG HANDLINGSPLAN FOR MELAND MUSIKKLAG 2019

Meland Musikklag (MML) er eit janitsjarkorps som no har 41 medlemmar frå 15 – 76 år. Korpset har hatt god vekst og musikalsk framgang dei siste åra, og me skal arbeida aktivt for at dette skal fortsetja i 2019.

Eit janitsjarkorps treng større besetning enn eit brassband sidan me har med fleire instrumenttypar. Så sjølv om me no er 41 medlemmar har me bruk for, og plass til fleire.

MML har dei siste åra arbeidd målretta med rekruttering, dette har heldigvis gitt gode resultat og medlemstalet er aukande. Det beste av alt, og avgjerande for korpsets framtid, er at me har lukkast med å rekruttera ungdom. Me har no 9 medlemmar fødd i 1996 eller seinare!

Det vil også i år arbeidast aktivt mot rekruttering frå skulekorpsa i kommunen. MML har hospitantordning for dei eldste i skulekorpsa. Det er ofte eit problem for skulekorps at dei eldste, som etterkvart vert ganske flinke, får lite utfordringar i skulekorpset. Sidan dei der alltid må ta hensyn til dei som nett har byrja.

Dei får då tilbod om å byrje i MML i tillegg til skulekorpset. Der vil dei få større musikalske utfordringar, meir påfyll av instruksjon og få utvikla seg som musikar. Erfaringen dei får ved å hospitere i vaksenkorpset vil gje innsikt i det livslange korpslivet. Dei vil sjå at korpshobbyen gjev glede gjennom hele livet.

Dette er ein vinn-vinn situasjon fro både skulekorps og MML. Skulekorpsa får behalda dei eldste og vaksenkorpset får rekruttering.

Det å auka medlemstalet medfører også utfordringar i forhold til å halda gode instrument til alle medlemane. I fjar hadde me storinnkjøp av slagverkutstyr, sidan slagverkgruppa plutselig auka frå ein til tre.

I 2019 må det oppgraderast både i trombonerekka og i kornett/trompetrekka. Det trengs også 1 – 2 saksofonar. Skal me behalda alle dei flotte ungdomane som er kome dei siste åra, må me ha gode instrument å tilby.

Me har mange faste arrangement i løpet av året, men vil framheva nokre som er ekstra viktige i forhold til rekruttering.

Haustimesteret startar alltid med ei seminarhelg. Me reiser til ein plass i Nordhordland, øver, overnattar og driv (på godt norsk) teambuilding. Då har me aktiviteter for at alle skal verta kjent med kvarandre og få tilhørighet til MML.

No når ungdomsgruppa er så stor, ser me at dei har fått eit godt miljø seg imellom. 6 av dei har og starta ensemblegruppe som skal delta i Hordablæsten under namnet «Meland Juniors»!

Hausten 2019 vert det også kvalifiseringsspel for NM våren 2020. Spesielt dei unge var interessert i dette. No er det mange år sidan MML deltok i NM, men skal me behalda dei unge må me gå den vegen dei vil.

I november vert det som vanlig deltaking i underhaldningskonkurransen JAN-AM i Stavanger. Dette gler me oss stort til. I fjar tok me jo heim alle prisar som var mogleg! Me vann 1. divisjon, og prisen for beste solist i 1. divisjon. I tillegg vann me begge dei to prisane som går på tvers av divisjonane; beste introduksjonsfilm og underhaldningsprisen. Yngstemann i korpset fekk gå på scenen og ta i mot pokalen, det var stor stas!